

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Kristina Vakt skjold Hamre, KrF, sette fram slikt forslag:

"Livssynsnøytral" blir byttet til: tiltaket skal ikkje vere politisk eller religiøst "forkynnande"

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggssforslag:

«Nytt punkt 6.

Fylkeskommunen skal i hovedsak bruke ressursar til å målrette innsatsen inn mot førebyggjande arbeid for å unngå at ressursane vert nytta til å reparere. Det er også vesentleg å utvikle strukturane og kompetansen i eigen organisasjon. Vi skal unngå å kjøpe tenester utanfor organisasjonen og heller nytte desse ressursane til å fornye og forbetre eigne tenester til å omfatte alle elevar og lærlinga»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst (R).

Hamre sitt forslag fekk ei røyst (KrF) og fall.

Syversen sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall.

Vedtak

1. Kjøp av spesialpedagogiske og sosialpedagogiske opplæringstenester kan berre skje dersom PPT konkluderer med at Vestland fylkeskommune ikkje kan gi tilfredsstillande tilbod
2. Den ein skilde rektor/leiar av rettleiingstenestene er ansvarleg for at tilbodet som vert kjøpt eksternt, er i samsvar med krava i opplæringslova og forankra i læreplanverket for vidaregåande opplæring.
3. Dei vidaregåande skulane kan kjøpe tilbod i yrkesfagleg fordjuping og i godkjente lærebedrifter, godkjent vekstbedrifter og arbeidsmarknadsbedrifter for elevar som går i eit grunnkompetanseløp og har rett til spesialundervisning.
4. Avtale om kjøp av opplæringstenester og tenester for ungdom i oppfølgingstenesta skal skje i tråd med reglement for offentlege innkjøp og utarbeidde retningslinjer.
5. Avtalar om kjøp av opplæringstenester skjer lokalt ved den ein skilde rettleiingsteneste eller vidaregåande skule med bakgrunn i ungdommane sitt behov og moglegheiter.